

Søknad

Søknadsnr.	2018-0072	Søknadsår	2018	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018			
Prosjektnavn	Jostedalsbreen Aktivitetspark			

Kort beskrivelse

Vi vil lage ein pedagogisk aktivitetspark spesielt retta mot barn og unge, med mål om å fremje fysisk aktivitet og auka kunnskap om senteret sine fagområder, samt Jostedalsbreen Nasjonalpark.

Prosjektbeskrivelse

Jostedalsbreen nasjonalparksenter er i ein prosess med omstilling. Vi skal utvikle ein ny profil med eit overordna tema der fokuset skal vere formidling spesielt retta mot barn og unge. Vi ynskje midlar til å lage ein pedagogisk og god aktivitetspark med tema som gjenspeglar besøkssenteret sine kunnskapsområder (skred og naturfare, geologi, flora og fauna). Målet er å auke barns fysiske aktivitet og vekke nysgjerrigheita hjå barn og unge som gjer at dei sit igjen med kunnskap om senteret sine fagområder, samt området i og rundt Jostedalsbreen nasjonalpark. Leikeplassen vil vere open for alle og utanfor senteret sitt betalte område.

Samla kapitalbehov vil vere kr. 620 000,-

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Stiftinga Jostedalsbreen Nasjonalparksenter Org.nr:970451854	Fosnes 6799 OPPSTRYN	91623883
Kontakt- person	Torunn Bøe	Stykkje 8a 6809 FØRDE	41003597
Prosjekt- leder	Wenche Nesje	Fosnes 6799 OPPSTRYN	91623883

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Fekk støtte i 2017 frå Miljødirektoratet til grunntilskot kr. 1.000.000,- og utvikling av senteret; 1.137.000,-.

Støtte frå Innovasjon Norge til miljøsertifisering kr. 20.000,-.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Prosessen med å omstille Nasjonalparksenteret er eit stort prosjekt som består av ulike delprosjekt. Det overordna prosjektet vil gå over fleire år. Vi har søkt midlar hjå Miljødirektoratet til andre delprosjekt. Totalsummen for tilsøkte midlar er kr. 2.208.000,-. Til prosjektet Jostedalsbreen aktivitetspark søker vi samla kr. 620.000,- og av desse søker vi kr. 350.000,- hjå Fylkeskommunen og kr. 270.000,- hjå Sparebankstiftinga. Vi jobbar offensivt og målretta med finansiering og planlegging for å heve kvaliteten på utstillingane og for å holde eit fagleg høgt nivå på formidlinga.

Naturen i og kring Jostedalsbreen nasjonalpark har ei lang og dramatisk historie knytt til skred. Dette viser seg i alt frå landformer, vegetasjon og busetnad. Norges einaste forskingsstasjon for snøskred, driven av NGI og finansiert av Norges Forskningsråd, ligg også i nærområdet. Jostedalsbreen Nasjonalparksenter har eit langsiktig mål om å skape ein ny profil og identitet for å sikre drifta og samstundes ivareta senteret si oppgåve om å formidle naturopplevingar og auke forståinga av samanhengar i naturen i og kring Jostedalsbreen nasjonalpark. Vi ynskjer å presentere skred som eit tema som er spesielt aktuelt for nærområdet til senteret og nasjonalparken. Temaet skal kunne relaterast til alle dei ulike delane av senteret, både inne og ute. Temaet som besøksenteret presenterer har prega lokalsamfunnet gjennom tidene og er ein del av dagens samfunn, og vi meiner det er viktig å formidle at dette særreine landskapet ikkje berre er vakkert å sjå på, men òg byr på farar, spesielt i vinterhalvåret.

Det overordna målet er at senteret skal vere eit nasjonalt senter for formidling av skredkunnskap. Målet vårt er ei heilheitleg utstilling med ein raud tråd der det overordna temaet skred og naturfare skal synast i alle delane av senteret, både inne og ute. Vår planlagde profilendring gjer at vi kan tilby spesialisert kunnskap til besøkande.

Senteret består i dag av tre delar; ein botanisk hage, ein geologisk park og ei utstilling inne som presenterer biologisk mangfald, brear, skred og Lodalsulykkene. Desse tre delane er i utvikling og vi har inne tre søknadar hjå Miljødirektoratet for å fullføre desse prosjekta, som blir skildra under.

Med midlar frå miljødirektoratet i 2017 lagde vi ein ny botaniske hagen ved senteret men grunna komplikasjonar i gravearbeidet kom det nokre uføresette kostnader og vi vart dermed ikkje 100% ferdig, vi har søkt om nye midlar i delsøknad for å ferdigstille hagen i løpet av 2018. Om vi ikkje får desse midlane frå Miljødirektoratet vil hagen framleis bli ferdig men med midlertidige løysingar for, til dømes, informasjonsskilt.

Vi har samstundes vore i kontakt med ein førstelektor i Oslo som har utarbeida ei dreiebok for vår geologiske park, som i dag består av 26 kommunesteinar. Desse steinane ynskjer vi å setje i ein større geologisk samanheng som gjer parken meir innbydande og pedagogisk tilrettelagd. Den andre delsøknaden til miljødirektoratet håpar vi vil dekke dette arbeidet. Senterets si rolle i dette delprosjektet vil til dømes vere å organisere, engasjere eksterne aktørar og omsetje tekstar til nynorsk.

Den tredje delsoknaden omhandlar omforminga av utstillinga inne. Utstillinga inne er utdatert og mangelfull og vi ynskje å utarbeide ei prosjektskisse saman med faglege instansar som NGI, NVE og Universitetet i Bergen. Skissa skal indikere kva informasjon vi vil formidle i utstillinga. Her ynskje vi temaet skred og naturfare og seniorrådgiver ved NGI, Krister Kristensen, vil bidra med tekst, kart og bilete samt skredutstyr som vi skal presentere i utstillinga til våren 2018. I tillegg vil vi skildre Lodalsulykkene. Vi har nyleg digitalisert ei avissamling frå 1936 ved Bergen Byarkiv som skal synast i utstillinga inne.

Søknad om midlar frå Fylkeskommunen skal støtte prosjektet om å lage Jostedalsbreen aktivitetspark. Det er eit viktig delmål for omstillinga til senteret og skal vere open og tilgjengeleg for alle, både for turistar og for lokalbefolkninga, ein må ikkje løyse billett hjå senteret for å ha glede av denne. Parken vil bli skreddarsydd og tilpassa til senteret sitt overordna tema. Vi ser for oss ulike aktivitetar både interaktive og tradisjonelle. Med interaktive tenkjer vi til dømes ein modell som syner skredvinkel der barna må gjere noko fysisk (ta på, løfte, skubbe) for å utløyse eit skred og moglegheita for å legge inn kunnskapstestar der ein trykker og får rett eller galt svar. Meir tradisjonelle modular kan vere å "hoppe over bresprekker" eller krysse ei breelv på line.

I prioritert rekkefølge ser vi for oss at hagen, den geologiske parken og aktivitetsparken utanfor senteret kan vere ferdige til våren 2019. Medan oppgraderinga av utstillinga inne vil vere ein lengre prosess over fleire år.

Prosjekt mål

Målet er å fremje fysisk aktivitet samstundes som ein kan lære om senteret sine kunnskapsområder, samt natur- og kulturlandskapet rundt Jostedalsbreen Nasjonalpark. Ved å byggje aktivitetsparken ynskje vi å skape ein møteplass for lokalsamfunnet og kommunen elles. I tillegg til å kunne utfolde seg fysisk, kan ein få kjennskap til og nyte glede av naturen og naturstiane i nærområdet og få auka interesse for natur og friluftsliv.

Forankring

Reiselivet i fylket er særdeles viktig for å halde liv i distrikta, det skapar attraktive arbeidsplassar, tilflytting og bulyst. Lokaliseringa av Jostedalsbreen Nasjonalparksenter er ved ei mykje brukt gjennomfartsåre i Oppstryn, Rv 15. Vi har eit stort areal utanfor senteret der vi ynskjer å fjerne deler av gruspartiet for å frigjere meir plass til grøntareal. Dette området ligg synleg frå hovudvegen og vil med eit aktivitetsområde vere eit blikkfang. Merksemda blir større og kan bidra til at vi tiltrekker oss fleire barnefamiliar. Dette området skal vere gratis og tilgjengeleg for alle. Aktivitetsparken skal vere ein base for leik og læring, og barna skal få leike med element som omhandlar det overordna temaet til senteret. Det er ynskjeleg å gi eit tilbod til, samt stoppe turisttrafikken som gjerne skal til Olden/Loen eller Geiranger/Lom.

Eit auka besøkstal er bra for regionen si turistnæring generelt, der vi vil nå ut til fleire av turistane som elles berre er på gjennomfart. Spesielt ynskje vi å tiltrekke oss fleire norske turistar for å redusere den globale belastninga av reiselivsnæringa. Vi vil gi eit godt kunnskapstilbod til dei som nyttar nærområdet som base for sin ferie, der vi kan auke kunnskap om Nasjonalparken, i tillegg til å opplyse om friluftslivsbaserte aktivitetar.

Prosjektorganisering

Prosjektet vil bli planlagt og organisert frå Jostedalsbreen Nasjonalparksenter, hjå dagleg leiar og formidlingsleiar. Vi vil nytte profesjonelle aktørar (NGI, NVE, NGU) for å tilrettelegge opp mot senteret sine fagområder, samt fagkyndige i henhold til lover og reglar som gjeld for å bygge aktivitetsparkar.

Samarbeidspartnere

Vi har ikkje spesifikke samarbeidspartnarar for dette delprosjektet. For heile prosjektet er vi i dialog med ulike forskings- og utdanningsinstitusjonar for å sikre det faglege innhaldet i utstillingane.

Aktiviteter

Om vi får tilsøkte midlar vil vi gå i dialog med ein profesjonell aktør for å planlegge gjennomføringa av prosjektet. Vi ynskje å skreddarsy parken og legge til rette for interaktivitet og læring. Når planen er ferdig må vi få den aktuelle aktøren til å setje opp parken og ferdigstille denne.

Målgrupper

Målgruppa er spesielt barn og unge, men at parken skal kunne brukast av alle. Parken kan bli ein samlingsstad for den lokale befolkninga samstundes som vi ynskjer at turistar frå inn- og utland skal ha glede av denne.

Resultat

Auka kunnskap og forståelse for skred og naturfare samt geologi og botanikk. I tillegg kjennskap til natur- og kulturlandskapet i og rundt Jostedalsbreen Nasjonalpark. Som besøkssenter nasjonalpark ynskjer vi å auke besøkstalet med 20%.

Effekter

Ivareta senterets oppgåve om å formidle kunnskap om skred og naturfare, geologi, flora, fauna og auke forståinga av samanhengar i naturen i og kring Jostedalsbreen nasjonalpark.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

2018 - Oktober - planlegging ferdig. Avhengig av byggetillatelse frå kommunen og eksterne aktørar.

2018 - November/Desember - entreprenørar byrjar arbeidet

2019 - Juni - Opning av parken. Sluttrapport og prosjekt fullført.

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Modular	350 000					350 000
Montering/oppsett	200 000					200 000
Produktutgreiing	30 000					30 000
Underlag	40 000					40 000
Sum kostnad	620 000					620 000

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Sparebankstiftelsen Sogn- og Fjordane	270 000					270 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	350 000					350 000
Sum finansiering	620 000					620 000

Geografi

1449-Stryn

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato